




LINDÅS KOMMUNE

# Avtaledokument

Kantsikring 2014 / 2015  
for Lindås kommune



Kontraktperiode: 1 år med opsjon 1+1 år

Underskrevet: 15.09.2014

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM





## Kontrakt

mellom Lindås kommune og Arvid Gjerde as

### 1. Partane sine representantar

Oppdragsgjevar: Lindås kommune  
Kjetil Eikefet mob nr 476 35 709

Leverandør: Arvid Gjerde as  
Svein Mundal mob nr 481 67 221

Leverandøren skal til ei kvar tid ha ein fast kontaktperson for Oppdragsgjevar. Oppdragsgjevar skal til ei kvar tid ha ein fast kontaktperson for leverandøren. Begge partar sine representantar skal vere tilgjengelege pr telefon. Dersom Lindås kommune vel å bytte kontaktperson skal den annen part varslast om dette så snart som mogleg.

### 2. Kontraktdokumenta

Følgjande dokument inngår i kontrakten:

- a) Kontraktdokumentet
- b) Referat frå kontraktsmøte
- c) Leverandøren sitt tilbod m/vedlegg
- d) Oppdragsgjevar sin tilbodsinnbyding m/vedlegg

Inneheld kontraktdokumenta bestemmingar som strir mot kvarandre, skal dokumenta m/vedlegg gjelde i medhald til rekkjefylgja nemnd ovanfor.

### 3. Leveranse

#### 3.1 Leveringsstad

Kontrakten gjeld kjøp av kantsikring 2014/2015 med opsjon 1+1 år for Lindås kommune.

#### 3.2 Utføringa av kontraktsarbeidet

Leverandøren skal utføre arbeidet i samsvar med punkt 5.3 i konkurransegrunnlaget.

Leverandøren skal rette seg etter pålegg frå Oppdragsgjevar. Endringar av punkt 5.2 som ikkje er vesentlege medfører ikkje rett til endring av vederlaget.

#### 3.3 Utstyr og godkjenningar

Leverandøren held sjølv alt naudsynt utstyr.

Maskingodkjenning – førarkort etc. skal føreligge ved kontraktsinngåing.

### 4. Tidsfristar

#### 4.1 Når arbeidet mv skal føretakast.

Arbeidet skal utførast ved forhold som skildra i konkurransegrunnlaget, jfr punkt 4.4 i konkurransegrunnlaget.





## 5. Andre plikter for leverandøren

### 5.1 Lovar og forskrifter.

Leveransen skal vere i samsvar med krav stilt i dei til einkvar tid gjeldande lovar og forskrifter.

### 5.2 Kvalitetskontroll.

Oppdragsgjevar har rett til å foreta kvalitetskontroll. Leverandør pliktar å hjelpe til med slik kontroll utan kostnader for oppdragsgjevar.

### 5.3 Stå til rådvelde/disposisjon for Oppdragsgjevar

Leverandøren er forplikta til å vere tilgjengeleg for Oppdragsgjevar. Leverandøren er pliktig til å halde telefon og mobiltelefon med tilfredsstillande dekning.

### 5.4 Ansvar for skadar og plikt til å holde ansvarsforsikring

Leverandøren har sjølv ansvar for eventuelle skadar som han påfører seg sjølv, maskiner/ maskiner eller innleidd mannskap under arbeidet med kantsikringa, rydding og anna vedlikehaldsarbeid. Slike skadar er Oppdragsgjevar uvedkommande. Oppdragsgjevar har heller ikkje ansvar for skadar som kjem av uvanlege hendingar eller naturkatastrofar.

Kontraktøren er ansvarleg overfor skadar som vert påført tredjemann. Kontraktøren pliktar å halde ansvarsforsikring. Forsikringsbevis skal leggst fram seinast 14 dagar etter kontraktsignering. Oppdragsgjevar har ikkje betalingsplikt før forsikringsbevis er lagt fram.

### 5.5 Andre oppdrag

Dersom leverandøren har avtale med andre (private/vegvesen) om utføring av kantsikring, skal det gjevast opplysningar til Oppdragsgjevar om desse avtalane.

## 6. Tilgang til å endre oppdragets omfang

### 6.1 Atterhald om eventuelle justeringar

Oppdragsgjevar tek atterhald om rett til å foreta ikkje vesentlege justeringar av områder der dette etter Oppdragsgjevar sin vurdering er formålstenleg.

## 7. Tidslengd

### 7.1 Avtaleperiode

Avtaleperioden vil vere frå kontraktsinngåing til 13.09.2015, inklusiv opsjon på 1+1 år.

Oppdragsgjevar kan seie opp kontrakten med 3 månadars skriftleg varsel.



## 8 Pris og betaling

### 8.1 Justerbare lengder

Lengdene som er gitt i oversikten i tilbudsskjema er sett opp til entreprenøren si orientering, og skal gjerast opp etter utførte arbeid og i samsvar med einingsprisane.

### 8.2 Fakturering

Faktura sendast ved behov og etter at enkeltprosjekta er ferdig.

Leverandøren sin faktura skal spesifiserast veg for veg og dokumenterast slik at den kan kontrollørast av oppdragsgjevar. Minimum spesifikasjon:

- Vegnamn
- Ant meter
- Type sikring

*Faktura skal sendast til:*

Lindås kommune

Fakturamottak

Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

Fakturaen skal merkast med: Kantsikring vegar 2014/2015 - 505

Det skal ikkje reknast nokon form for fakturagebyr eller andre tillegg i avtalt pris.

### 8.3 Betalingsplikt

Oppdragsgjevar skal betale innan 30 dagar etter mottatt faktura. Betaling inneber ingen godkjenning av leveransen.

### 8.4 Forsinka betaling.

Ved forsinka betaling svarer oppdragsgjevar forsinkingsrente i medhald til lov om renter ved forsinka betaling m.v. av 17. desember 1976 nr. 100.

## 9 Kven som skal gjennomføre kontrakten

### 9.1 Overdraging av kontraktforpliktingar.

Kontraktøren kan ikkje overdra forpliktinga i forhold til denne kontrakten til andre.

### 9.2 Endringar i leverandøren si verksemd

Alle endringar som kan ha noko å seie for kontrakten, for eksempel leverandørens organisasjonsform, overdraging av verksemda og liknande, skal på førehand meldast Oppdragsgjevar. Dersom endringane ikkje er meldt, eller Oppdragsgjevar etter melding kommer til at endringa ikkje kan godkjennast, vil forholdet kunne danne grunnlag for oppseiing av avtalen.

### 9.3 Bruk av underleverandørar





Dersom leverandøren må leige andre til å utføre det arbeidet han er kvalifisert for, er det leverandøren sitt ansvar at arbeidet vert utført i samsvar med kontrakten. Det kan berre nyttast underleverandørar som på førehand er godkjent av Oppdragsgjevar. Det same gjeld for underleverandørar som utfører arbeid som hovedentreprenøren ikkje er kvalifisert for.

Leverandøren må sjølv gjere opp for leigd hjelp. Det vil sei at kommunen berre skal ha rapport frå og ha oppgjer med leverandøren.

Ved bruk av underleverandørar plikter leverandøren å krevje skatteattest i alle underliggende kontraktsforhold ved inngåing av kontraktar i tilknytning til oppdrag som overstig ein verdi på kr. 100.000 eks. mva. Det vert vist til foa § 3-3 (4).

#### 9.4 Fråver

Dersom leverandøren på grunn av skade, sjukdom eller andre årsaker ikkje er i stand til å utføre arbeidet i samsvar med kontrakten, skal Oppdragsgjevar varslast så snart som mogleg. Dersom kontraktøren ikkje kan skaffe vikar, har Oppdragsgjevar tilgang til å setje arbeidet bort til andre leverandørar, eller utføre arbeidet ved hjelp av kommunen sine egne folk og utstyr, inntil leverandøren på nytt er i stand til å utføre oppgåvene. I slike tilfelle skal kommunen gjere eit frådrag i godtgjersla som dekkjer meirkostnaden som kommunen har hatt i den tida dei har stått for arbeidet.

## 10 Kontroll og sanksjon knytt til lønns- og arbeidsvilkår

Leverandøren skal sørge for at tilsette i eigen organisasjon og tilsette hos eventuelle underleverandørar ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsforhold enn det som følgjer av tariffavtalar, regulativ eller det som er normalt for vedkommande stad og yrke. Dette gjeld berre for tilsette som direkte medverkar til oppfyllinga av kontrakten. Ledaren av verksemda er ansvarleg for at regelen blir overhalden.

Alle avtalar entreprenøren inngår som inneber utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande bestemmingar.

Leverandøren skal på oppfordring leggje fram dokumentasjon for dei lønns- og arbeidsvilkår som blir nytta. Dokumentasjonsplikta omfattar også underentreprenørar (underleverandørar).

Dersom leverandøren ikkje overheld klausulen, eller dersom leverandøren let vere å etterkomme Oppdragsgjevares krav på dokumentasjon for at klausulen er overhalden, har Oppdragsgjevaren rett til å halde tilbake deler av kontraktsummen til det er dokumentert at forholdet er i orden. Summen Oppdragsgjevar kan holde tilbake er oppad avgrensa til 5 % av årleg fastgodtgjersle.

## 11 Mishald og kontroll

### 11.1 Forsinking

Det føreligg forsinking dersom arbeidet ikkje er utført til avtalt tid.

Melding om forsinking skal gjevast straks etter at arbeidet skulle vore starta, slik at ein kan avtale ein annan løysning. Slik melding skal normalt gå til Oppsynsmann.

### 11.2 Manglar

Det føreligg manglar dersom den avtalte arbeid ikkje er i samsvar med avtalt krav til yting.

Dette gjeld både tekniske krav Handbok N101 (2014) og/eller den handverksmessige utføringa (estetiske eigenskapar).





## 11.3 Oppdraggjevars undersøkingsplikt

Oppdraggjevar har tilgang til å foreta kontroll/stikkprøver for å kontrollere om det føreligg forsinkingar eller manglar.

## 12 Mishaldsgrunnar

### 12.1 Plikt til å foreta retting

Ved mangelfull asfaltering plikter leverandøren å utbetre arbeidet slik at resultatet er i samsvar med krava i kontrakten.

### 12.2 Ansvar for kostnader ved mangel/forsinking

Dersom det oppstår forsinking av/ mogleg forsinking av eller manglande utføring av arbeidet kan Oppdragsgjevar setje arbeidet bort til andre eller utføre arbeidet sjølv. Leverandøren er ansvarleg ovanfor Oppdragsgjevar for alle kostnader som oppstår for oppdragsgjevar i slike situasjonar. Med her er dei meirkostnader som det vert ved å sette arbeidet bort til andre, eller ved å måtte utføre arbeidet sjølv. Dersom mangelfullt utført arbeid medfører tap for tredjemann, svarer leverandøren for slikt tap i samsvar med alminneleg norsk erstatningsrett.

### 12.3 Leverandøren sin konkurs

Dersom leverandøren går konkurs fell kontrakten automatisk bort. Leverandøren sitt konkursbu kan såleis ikkje tre inn i kontrakten.

### 12.4 Heving

Kvar av partane har rett til å heve avtalen dersom den andre part vesentleg mislegheld sine kontraktforpliktingar. Før heving skjer, skal det gjevast ein rimeleg frist til å rette på forholdet. Den part som rettmessig hever kontrakten kan krevje erstatning for tap han vert påført som følgje av at avtalen vert heva.

## 13 Twistar, lovval og verneting

Kontraktforholdet vert regulert av norsk rett. Eventuelle twistar kan bringast inn for dei ordinære domstolar, med Nordhordland tingrett som verneting.

Sjølv om det har oppstått tvist, fritek dette ikkje partane frå å oppfylle kontrakten.


## 14 Avslutning

Avtalen vert utsteda i to eksemplar. Kvar av partane beheld eit eksemplar. Avtalen er bindande først når den er signert av begge parter.



Knarvik, den 15. september 2014

  
Lindås kommune

  
Leverandør